

OPPSUMMERING 1. HALVÅR 2018



NYE ØYGARDEN
KOMMUNE

10.01.: Avklarte representasjon i arbeidsgrupper for arbeidsgjevarpolitikk



På møtet i partssamansett utval i januar var hovudsaka oppnemning av arbeidsgrupper knytt til arbeidsgjevarpolitikk. PSU vedtok å oppretta tre arbeidsgrupper; reglement og lønspolitikk, arbeidsgruppe for partssamarbeid og arbeidsgruppe for kompetanse og utvikling. Biletet viser representantar for tilsette på veg ut etter eit «gruppemøte».

22.01.: Løyver pengar til kyrkjeleg fellesnemnd

Fellesnemnda for Nye Øygarden kommune vedtok på møtet i januar å løyva 780 tusen kroner til kyrkjeleg fellesnemnd. Midlane skal gå til arbeidet med å slå saman og etablera ein ny kyrkjeleg fellesorganisasjon for Nye Øygarden kommune. Elles bad fellesnemnda om at det vert utarbeidd eit «skuggebudsjett» for 2019. «Skuggebudsjettet» bør visa til moglegheiter for effektivisering for det første driftsåret for den nye kommunen (2020). Fellesnemnda slutta seg til mandat for arbeidsgruppa for lokaldemokrati.

05.02.: Leiarar på kafé i Sund

Tidleg i februar var 55 leiarar og tillitsvalde i Sund, Fjell og Øygarden kommunar på kafé. Som ein del av arbeidet med administrativ organisering var dei på vandring i storsalen frå bord til bord på Panorama Hotell & Resort for å drøfta fem hovudtema. I «kafédiskusjonen» drøfta deltakarane alternative organisasjonsmodellar, samhandling, beste praksis, satsingsområde og suksessfaktorar.



19.02.: Samordnar gebyra for den nye kommunen



Fellesnemnda vedtok i februar å setja ned ei administrativ arbeidsgruppe som skal utarbeida et framlegg til nytt reglement og nye satsar for dei tekniske tenestene i den nye kommunen. Det vart også i denne saka vedteke å setja ned ei politisk referansegruppe på seks medlemmer, to frå kvar kommune. Andre saker: Vidare arbeid med felles NAV-kontor, status for arbeidet med IKT og infrastruktur.

23.02.: Kommunalministeren møtte Nye Øygarden kommune

Kommunal- og moderniseringsminister Monica Mæland møtte leiinga i Nye Øygarden kommune på Skjenet den 23. februar.

- Mitt inntrykk er at det er stor vilje til samarbeid mellom kommunane og at det her ligg til rette gode tenester for innbyggjarane i framtida, sa statsråden.



08.03.: Vil involvera dei frivillige



Arbeidsgruppa for lokaldemokrati og identitet i Nye Øygarden kommune møtte representantar i Øygarden, Fjell og Sund på frivilligsamlingar i mars. Målet er mellom anna at lag og organisasjonar skal koma med forslag til aktivitetar som kan knytast opp mot arbeidet med å skapa ein identitet til den nye kommunen. Biletet er frå møtet i Øygarden den 7. mars.

19.03.: Avklarar kommunal tenestepensjon hausten 2018

På møtet i mars bad fellesnemnda om at det i løpet av hausten 2018 vert lagt fram ei sak for fellesnemnda om kommunal tenestepensjon for den nye kommunen. Saka skal mellom anna ha bakgrunn i ei gjennomført kartlegging frå juni 2016 om noverande tenestepensjon i dei tre kommunane. Fellesnemnda godkjenner framlegg til budsjett for 2018 og 2019 og grensesnitt mellom prosjektøkonomien i Nye Øygarden og driftsøkonomien i den enkelte kommune.

20.03.: Slutta som prosjektleiar

Den 20. mars slutta Paul J. Manger som prosjektleiar for Nye Øygarden kommune. Leiar i fellesnemnda, Kari-Anne Landro, opplyste at Manger slutta etter eige ønske.

22.03.: Omstillingsavtale nærmar seg endeleg godkjenning

Partssamansett utval (PSU) behandla på møtet i mars framlegg til omstillingsavtale for dei tre kommunane som byggjer ny kommune. Det vart ikkje gjort endeleg vedtak, men det vart vedteke å gjera fleire endringar i avtaleutkastet. Administrasjonen fekk i oppdrag å innarbeida endringane i avtaleutkastet før det skulle leggjast fram til endeleg vedtak i neste møte i PSU.



16.04.: Rune Lid vert prosjektrådmann



Fellesnemnda vedtok den 16. april at Rune Lid skal vera prosjektrådmann for Nye Øygarden kommune fram til utgangen av 2018. Vedtaket inneber vidare at rådmennene i dei tre kommunane skal ha ei særskilt rolle i styringa av prosjektet. Rune Lid får tilbud om stilling tilsvarande assisterande rådmann frå og med 1. januar 2020.

Det vart vidare vedteke å leggja sluttrapport for politisk styringsstruktur ut på høyring til kommunestyra i Sund, Fjell og Øygarden før endeleg behandling i fellesnemnda i juni. Også sluttrapport for eigarskapsmodellar skal sendast ut på høyring.

Fellesnemnda slutta seg i hovudsak til rammebudsjett for arbeidsgruppa for lokaldemokrati og identitet.

17.04.: Vedtok omstillingsavtale

Partssamansett utval (PSU) vedtok i april omstillingsavtale for kommunane Sund, Fjell og Øygarden. Den 22. mars behandla PSU framlegget til omstillingsavtale for første gong. Då vart det fremja fleire endringsforslag som skulle innarbeidast i avtalen før endeleg godkjenning på møtet i april.

15.05.: Optimistisk prosjektrådmann



- Når eg høyrer kva kompetanse som er representert rundt bordet her i dag, er eg trygg på at dette vil gå bra. Det sa prosjektleiar Rune Lid då han ønskte 30 leiarar og tillitsvalde frå dei tre kommunane velkomen på ei leiarsamling i midten av mai. Hovudtema for samlinga var den overordna administrative organiseringa for Nye Øygarden kommune. Rådmennene har drøfta dette i fleire møte etter at Rune Lid vart tilsett som prosjektrådmann den 16. april.

- No skal tre kulturar smeltast saman. Det er viktig at vi snakkar kvarandre opp og er raus overfor kvarandre og respekterer at det er mykje kompetanse i alle kommunane, sa Lid. På samlinga var det brei semje om at den nye kommunen bør organiserast i ein to-nivåmodell.

29.05.: Tur til Danmark

I slutten av mai reiste fellesnemnda, den administrative leiinga og tillitsvalde i Nye Øygarden på studietur til Danmark. Tema for dagane var involvering av innbyggjarane i det politiske arbeidet, borgarservice og digitalisering.

01.06.: Leverte stafettspinnen til Børge Haugetun



Den 1. juni overlét Sund-ordførar Kari-Anne Landro leiarvervet i fellesnemnda for Nye Øygarden kommune til ordførar i Øygarden, Børge Haugetun. Leiarvervet går på omgang. Haugetun skal leia fellesnemnda til utgangen av januar 2019 før Fjell-ordførar Marianne Sandahl Bjørøy overtek og leiar fellesnemnda den siste perioden før ein ny kommune er ein realitet.

- Børge Haugetun skal få god støtte frå oss to andre ordførarar når han no tek over leiarvervet. Eg er trygg på at han vil vidareføra den gode modellen med leiargruppa samansett av

dei tre ordførarane, seier Kari-Anne Landro som har leia fellesnemnda sidan oktober 2017.

12.06.: Gjennomfører undersøking om lokaldemokrati og identitet

I midten av juni fekk innbyggjarane i Sund, Fjell og Øygarden via SMS invitasjon til å delta i ei nettbasert undersøking om lokal identitet. Det er arbeidsgruppa for lokaldemokrati og identitet i Nye Øygarden kommune som inviterte til ei nettbasert 0-barometerundersøking.

- Vi gjer dette for å få kunnskap om kva innbyggjarane tenkjer om identitet, tilhøyrslø og deira deltaking i lokaldemokratiet, sa leiar av arbeidsgruppa Tom Georg Indrevik.



12.06.: Partssamansett utval tilrår godkjenning av overordna administrativ organisering

På møtet i juni gjekk partssamansett utval (PSU) inn for at den overordna administrative organiseringa i Nye Øygarden kommune vert samansett av rådmann og fem kommunalsjefar; tre for tenestoområda og to for stab- og støttefunksjonar. Dei tre tenestoområda er 1) oppvekst, 2) helse og velferd og 3) kultur og samfunn. Saka vart endeleg avgjort i fellesnemnda den 18. juni.

18.06.: Ønskjer dialog om to tomtealternativ for ny vidaregåande skule



Etter ein lang debatt på fellesnemnda på møtet juni om lokalisering av ny vidaregåande skule på Straume/Bildøyna, samla politikarane seg om to aktuelle tomtealternativ i fråsegna som vart sendt til Hordaland fylkeskommune. Dei to alterantiva var Bildøytangen og Stovevatnet.

Andre saker:

- Fellesnemnda godkjende framlegget til overordna administrativ organisering (to-nivåmodell med fem kommunalsjefar) for Nye Øygarden kommune (frå januar 2020).
- Sluttrapport frå utval for politisk organisering vert lagt til grunn for den politiske organiseringa av Nye Øygarden kommune. Det inneber at fellesnemnda sluttar seg til ein modell med formannskap, to hovudutval og kontrollutval.
- Fellesnemnda slutta seg til ei rekkje tiltak og forslag i rapporten for eigarskapsmodellar.
- Det vart vedteke å endra 64 adressenamn og lokale retningslinjer for dette. Bakgrunnen for dette er at samanslåing av kommunar normalt fører til at det må gjennomførast endringar eller tilpassingar i nokre adressenamn og at naudetatane treng presise og eintydige adresser.
- Fellesnemnda godkjende skisse til arbeidet med å rekruttera rådmann og å gje fullmakt til tilsetjingsutvalet om å tilsetja Rune Lid i aktuell kommunalsjefstilling.
- Det vart løyvd 260 tusen kroner til marknadsføring, profilering og kommunikasjon for 2018 i samband med arbeidet til arbeidsgruppa for lokaldemokrati og identitet. Det vart også løyvd 200 tusen kroner (eks. mva.) til prosjektet «Framtidas kunnskapsklynge i Nye Øygarden kommune».

28.06.: Rune Lid vert kommunalsjef for økonomi i Nye Øygarden kommune

Rådmann i Sund, Rune Lid, vert kommunalsjef for økonomi i Nye Øygarden kommune. Det har tilsetjingsutvalet avgjort. Rune Lid, som sidan 16. april også har vore prosjektrådmann for Nye Øygarden kommune, har takka ja til stillinga som kommunalsjef.